

Innkalling til møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Møtetid: onsdag 29. august 2018 kl. 12.15

Stad: seminarrom 400 i HF-bygget

Desse er kalla inn:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Lene M. Johannessen (engelsk), Øyvind Gjerstad (fransk), Marco Gargiulo (italiensk), Harry Solvang (japansk), Hildegunn Lahlum Helness (Nasjonale prøvar), Shouhui Zhao (kinesisk), Ingunn Lunde (russisk), Miguel Angel Quesada Pacheco (spansk), Birger Solheim (tysk).

Frå gruppe B: Gunn Inger Sture

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Anders Olderkjær Samland, Joakim Fossan, Stine Haugland, Synne Hopland Iversen, Kari Johnsen Skjelvik og Erika Amdahl af Gejerstam.

Dersom nokon ikkje kan møta, må dei be vararepresentant om å stilla for seg.

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2 – godkjenning av referatet frå rådsmøtet 13. juni 2018

Referatet ligg på <https://www.uib.no/fremmedsprak/22347/referat-frå-instituttrådet>

Sak 3 – orienteringssaker

- A) Status for tilsetjing i faste stillingar, postdoktor- og stipendiatstillingar
- B) Orientering om sakene til fakultetsstyret 4. september 2018
- C) Budsjettprosessen ved fakultetet for 2019
- D) Toårig nordisk kinesiskkonferanse i Bergen (NACS) 11.-13. juni 2019

Sak 4 – Orientering om instituttøkonomien så langt i 2018

Det blir orientert om instituttøkonomien så langt i år og utsiktene for siste kvartal. Instituttet ser ut til å få eit overskot, og vi vil på møtet diskutera utlysing av midlar og andre tiltak hausten 2018.

Sakspapira blir sende ut måndag ettermiddag 27. august.

Sak 5 – Utlysing av to nye stipendiatstillingar

Instituttet får lysa ut to nye stipendiatstillingar, innanfor den ordinære stipendiatkvoten og med oppstart så tidleg som råd i 2019. Instituttleiar ønskjer synspunkt frå instituttrådet om stillingane bør vera opne eller øyremerkte, og om begge stillingane skal lysast ut som ph.d.-stillingar, eller om den eine skal lysast ut som postdoktorstilling.

Sak 6 - Ymse

Åse Johnsen,
instituttleiar

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef